



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND  
FREDAG 7. SEPTEMBER 2018 KL. 09.00-12.00 PÅ LOS MARINE, RUBBESTADNESET**

**Desse møtte:**

Bjarte Madsen	Austevoll kommune
Odd Harald Hovland	Bømlo kommune
Geir Aga	Bømlo kommune
Siri Klokkestuen	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Peder Sjø Slettebø	Kvinnherad kommune
Torstein Aartun	Kvinnherad kommune
Gaute S. Epland	Stord kommune
Jorunn Skåden	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

**Frå administrasjonen:**

Gro Jensen Gjerde  
Reidun Rykkje

**Forfall:**

Morten Storbø, Austevoll kommune – Pål Nygård, Etne kommune - Magnus Mjør, Stord kommune - Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune.

**Då var føre:**

Sak 30/18	Godkjenning av referat frå møte 22. juni d.å.
Sak 31/18	Sunnhordland tingrett og jordskifterett
Sak 32/18	Skyss – reduksjon i ferje tilbodet
Sak 33/18	Sunnhordland museum – kommunal museumsstrategi
Sak 33/18	Sunnhordland som Bærekraftig reisemål
Sak 34/18	Skriv og meldingar
	a) Vestnorsk Brusselkontor
	b) Stifting av Sunnhordland Amatørkulturråd
	c) The Tall Ships Races Bergen 2019
	d) Konferanse 28. september – vg. skular i Sunnhordland
	e) The Viking Planet
	f) Tema til fellesmøte med fylkes- og stortingsrepr frå Sunnhordland 12 oktober
	g) Møte med Hardangerrådet og regionrådet i Nordhordaland
	h) Invest in Bergen og Etablerarsenteret
	i) Halvårs rekneskap
Sak 36/18	Ymse
	a) Geopark Sunnhordland

Sunnhordland, 10 september 2018

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND  
FREDAG 7. SEPTEMBER 2018 KL. 09.00-12.00 PÅ LOS MARINE, RUBBESTADNESET**

I forkant av møte fekk Samarbeidsrådet ei orientering om Los Gruppen.

**Sak 30/18 Godkjenning av referat frå møte 22. juni d.å.**

Samrøystes vedtak.

**Sak 31/18 Sunnhordland tingrett og jordskifterett**

**Framlegg til vedtak**

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at ei samlokalisering av Sunnhordland tingrett og Haugaland og Sunnhordland jordskifterett med eiga lokal leiing er ei god framtidretta løysing.
2. Følgande personar får eit særskilt ansvar for å følge opp saka:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

**På møte:**

Kvinnherad kommune ønskte at Samarbeidsrådet i si vurdering av organisering av tingretten og gjer ei vurdering om det kan vera aktuelt med ei samanslåing av tingrettane i Hardanger og Sunnhordland med Husnes som lokasjon. Etter ei drøfting vart Samarbeidsrådet mot Kvinnherad sine røyster samde om å gå for framlegg til vedtak med noko endring i ordlyden:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at ei samlokalisering av Sunnhordland tingrett og Haugaland og Sunnhordland jordskifterett er ei god framdriftsretta løysing.
2. Det er ein føresetnad at denne løysinga inneber at Sunnhordland tingrett får lokal leiing på Stord.
3. Følgande personar får eit særskilt ansvar for å følge opp saka:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

På møte vart det sett fram framlegg om at følgjande personar får eit særskild ansvar for å følge opp saka:

Gaute S. Epland, Stord kommune  
Odd Harald Hovland, Bømlo kommune  
Steinar Dalland, Tysnes kommune

Kvinnherad kommune ønskte å ha med følgjande protokolltilførsel:

Kvinnherad kommune sluttar seg ikkje til vedtaket i saka. Kvinnherad beklagar at Samarbeidsrådet for Sunnhordland ikkje gjer naudsynte vurderingar av kva som strategisk og langsiktig er best for ein samla region i lys av endringar som vil komma. Etter Kvinnherad sitt syn er det ikkje føremålstenleg å utelukka anna lokalisering enn Stord for Sunnhordland tingrett, og det er svært uheldig at rådet ikkje vil vurdera samanslåing med t.d. Hardanger tingrett for å på denne måten sikra regionen ein tingrett med tilstrekkeleg kompetansemiljø for framtida. Etter Kvinnherad sitt syn har Samarbeidsrådet i denne saka ikkje gjort oppgåva si som eit regionråd som skal arbeida strategisk og langsiktig til beste for regionen. Kvinnherad kommune vil arbeida for ei framtidig samanslåing av tingrettane i Hardanger og Sunnhordland med ny lokalisering på Husnes. Kvinnherad ser ikkje at ei framtidig tilknytning til Sunnhordland tingrett er føremålstenleg for Kvinnherad dersom ein ikkje får på plass ei samanslåing med Hardanger tingrett, og vil sjå på eit alternativ med overflytting til Hardanger tingrett dersom Samarbeidsrådet sitt vedtak vert utfallet av domstolskommisjonen sitt arbeid.

#### **VEDTEKE MOT KVINNHERAD SINE RØYSTER:**

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at ei samlokalisering av Sunnhordland tingrett og Haugaland og Sunnhordland jordskifterett er ei god framdriftsretta løysing.
2. Det er ein føresetnad at denne løysinga inneber at Sunnhordland tingrett får lokal leiging på Stord.
3. Følgande personar får eit særskilt ansvar for å følgja opp saka:

Gaute S. Epland, Stord kommune  
Odd Harald Hovland, Bømlo kommune  
Steinar Dalland, Tysnes kommune

#### **Protokolltilførsel frå Kvinnherad kommune:**

Kvinnherad kommune sluttar seg ikkje til vedtaket i saka. Kvinnherad beklagar at Samarbeidsrådet for Sunnhordland ikkje gjer naudsynte vurderingar av kva som strategisk og langsiktig er best for ein samla region i lys av endringar som vil komma. Etter Kvinnherad sitt syn er det ikkje føremålstenleg å utelukka anna lokalisering enn Stord for Sunnhordland tingrett, og det er svært uheldig at rådet ikkje vil vurdera samanslåing med t.d. Hardanger tingrett for å på denne måten sikra regionen ein tingrett med tilstrekkeleg kompetansemiljø for framtida. Etter Kvinnherad sitt syn har Samarbeidsrådet i denne saka ikkje gjort oppgåva si som eit regionråd som skal arbeida strategisk og langsiktig til beste for regionen. Kvinnherad kommune vil arbeida for ei framtidig samanslåing av tingrettane i Hardanger og Sunnhordland med ny lokalisering på Husnes. Kvinnherad ser ikkje at ei framtidig tilknytning til Sunnhordland tingrett er føremålstenleg for Kvinnherad dersom ein ikkje får på plass ei samanslåing med Hardanger tingrett, og vil sjå på eit

alternativ med overflytting til Hardanger tingrett dersom Samarbeidsrådet sitt vedtak vert utfallet av domstolskommisjonen sitt arbeid.

## **Sak 32/18 Skyss – reduksjon i ferje tilbodet**

### **Framlegg til uttale:**

Ferjene i Sunnhordland er ein del av fylkesvegnettet, og frekvens og stabilitet er ein føresetnad for at «vegane» skal fungera for å binda regionen saman i ein velfungerande bu-, arbeids og serviceregion.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er gjort kjent med at ferjeoperatørane er blitt kontakta av Skyss for å gje innspel til kostnadskutt. Skyss skriv at fylkeskommunen vurderer å kutta første eller siste avgang på alle sambanda i Hordaland.

Samarbeidsrådet meiner at ein reduksjon i opningstidene på riksvegane ikkje er akseptabelt. Dette vil ramma både innbyggjarar og varetransport i distrikta i Hordaland.

I tillegg til reduksjon i rutetilbodet er billettprisane auka, og det kjem ytterlegare auke ved innføring av autopass. Innføring av Autopass vil særleg råke pendlarar.

Samarbeidsrådet ber difor om at rutetilbodet ikkje vert redusert samanlikna med i dag, og at Hordaland fylkeskommune revurderer innføringa av Autopass slik at inntektsbortfallet frå passasjerar ikkje vert lagt på køyretøya.

### **På møte**

På møte kom det forslag om å forsterka ordlyden i uttalen.

Geir Aga og Steinar Dalland fekk ansvar for å gjera naudsynte endringar. Ny uttale vart sendt ut til godkjenning pr. epost 10 september:

### **Ny framlegg til uttale:**

Ferjene i Sunnhordland er ein del av fylkesvegnettet, og frekvens og stabilitet er ein føresetnad for at «vegane» skal fungera for å binda regionen saman i ein velfungerande bu-, arbeids og serviceregion.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er gjort kjent med at ferjeoperatørane er blitt kontakta av Skyss for å gje innspel til kostnadskutt. Skyss skriv at fylkeskommunen vurderer å kutta første eller siste avgang på alle sambanda i Hordaland.

Samarbeidsrådet kan ikkje akseptere kutt i rutetilbodet. Målet må vere utvida rutetilbod. Redusert rutetilbod rammar spesielt dagpendlarar som på ein del strekningar allereie slit med den korte opningstida i mange samband. I tillegg vil dette ramme næringslivet/varetransport som blir mindre effektiv.

Etter at fylkeskommunen slutta å nytte staten sitt riksregulativ for ferjetakstar har takstane hatt ein vekst som er langt høgare en vanleg prisstigning. Dette rammar også dagpendlarar og næringsliv og gjer næringslivet vårt mindre konkurransedyktig. Det kan vi ikkje akseptere.

Ein eventuell overgang til Autopass vil også ramme dagpendlarar. Inntektsbortfallet frå passasjertransport må finansierast på annan måte. Dersom ikkje dette kan finansierast gjennom lågare kostnader i drifta, bør heile Autopassordninga revurderast.

Samarbeidsrådet legg til grunn at ferjeregulativet er likt i dei to fylka som blir det nye Vestland. Det er grunn for å sjå på ei samordning allereie no. Det beste ville vere at den nye regionen nyttar staten sitt riksregulativ slik at kostnadsnivået for brukarar blir likt uavhengig av om det er stat eller fylke som driv ferjestrekninga.

Saksutgreiinga vil følgje uttalen.

#### **SAMRØYSTES VEDTEKE UTTALE:**

Ferjene i Sunnhordland er ein del av fylkesvegnettet, og frekvens og stabilitet er ein føresetnad for at «vegane» skal fungera for å binda regionen saman i ein velfungerande bu-, arbeids og serviceregion.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er gjort kjent med at ferjeoperatørane er blitt kontakta av Skyss for å gje innspel til kostnadskutt. Skyss skriv at fylkeskommunen vurderer å kutta første eller siste avgang på alle sambanda i Hordaland.

Samarbeidsrådet kan ikkje akseptere kutt i rutetilbodet. Målet må vere utvida rutetilbod. Redusert rutetilbod rammar spesielt dagpendlarar som på ein del strekningar allereie slit med den korte opningstida i mange samband. I tillegg vil dette ramme næringslivet/varetransport som blir mindre effektiv.

Etter at fylkeskommunen slutta å nytte staten sitt riksregulativ for ferjetakstar har takstane hatt ein vekst som er langt høgare en vanleg prisstigning. Dette rammar også dagpendlarar og næringsliv og gjer næringslivet vårt mindre konkurransedyktig. Det kan vi ikkje akseptere.

Ein eventuell overgang til Autopass vil også ramme dagpendlarar. Inntektsbortfallet frå passasjertransport må finansierast på annan måte. Dersom ikkje dette kan finansierast gjennom lågare kostnader i drifta, bør heile Autopassordninga revurderast.

Samarbeidsrådet legg til grunn at ferjeregulativet er likt i dei to fylka som blir det nye Vestland. Det er grunn for å sjå på ei samordning allereie no. Det beste ville vere at den nye regionen nyttar staten sitt riksregulativ slik at kostnadsnivået for brukarar blir likt uavhengig av om det er stat eller fylke som driv ferjestrekninga.

**Sak 33/18**

**Sunnhordland museum – kommunal museumsstrategi**

#### **Framlegg til vedtak**

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland sender Kommunal museumsstrategi på høyring til kommunane.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at ein økonomisk opptrappingsplan vert lagt fram til møte 30 oktober.

**På møte:**

Det vart på møte sett fram forslag om at kommunane i høyringsrunden kjem med innspel til korleis dei ser føre seg framtidig finansiering.

Det vart i møte sett fram forslag om at høyringsfristen vert 30 november.

**SAMRØYSTES VEDTAK:**

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland sender Kommunal museumsstrategi på høyring til kommunane.
2. Kommunane blir særleg bedt om å gje innspel til korleis dei ser føre seg framtidig finansiering av Sunnhordland museum.
3. Høyringsfristen er sett til 30 november.

**Sak 33/18**

**Sunnhordland som Bærekraftig reisemål**

**Framlegg til vedtak**

1. Samarbeidsrådet er positive til oppstart av arbeidet med å få status som Bærekraftig reisemål.
2. Administrasjonen får i oppgåve å utarbeida ei felles saksutgreiing for handsaming i kommunane.
3. Frist for kommunane til å gje tilbakemelding på at dei vil vera ein aktiv bidragsytar i arbeidet er sett til 1. november.

**På møte:**

Det vart i møte sett fram forslag om å utsette fristen til 30 november.

**SAMRØYSTES VEDTAK:**

1. Samarbeidsrådet er positive til oppstart av arbeidet med å få status som Bærekraftig reisemål.
2. Administrasjonen får i oppgåve å utarbeida ei felles saksutgreiing for handsaming i kommunane.
3. Frist for kommunane til å gje tilbakemelding på at dei vil vera ein aktiv bidragsytar i arbeidet er sett til 30. november.

**Sak 34/18**

**Skriv og meldingar**

- a) Vestnorsk Brusselkontor
- b) Stifting av Sunnhordland Amatørkulturråd
- c) The Tall Ships Races Bergen 2019
- d) Konferanse 28. september – vg. skular i Sunnhordland
- e) The Viking Planet
- f) Tema til fellesmøte med fylkes- og stortingsrepr frå Sunnhordland 12 oktober
- g) Møte med Hardangerrådet og regionrådet i Nordhordaland

- h) Invest in Bergen og Etablerarsenteret
- i) Halvårs rekneskap

**På møte:**

**f) Tema til fellesmøte med fylkes- og stortingsrepr. frå Sunnhordland 12 oktober**

Det vart i møte bestemt at tema til møte vert:

- Kutt i ferjetilbodet
- Ferjeavløysingsmidlar
- Stord folkehøgskule
- Ny organisering av tingretten
- Statsbudsjettet

Samarbeidsrådet tek orienteringa til vitring.

**Sak 36/18**

**Ymse**

**a) Geopark Sunnhordland**

Dagleg leiar informerte om at representantar frå styringsgruppa for norsk status for geoparkar kjem på synfaring til Sunnhordland i midten av oktober.

Brynjar Stautland og dagleg leiar vil utarbeida eit program for dagane.

**Møte med Atheno kl. 12-14.15:**

Etter ordinært møte var det fellesmøte med toppleiarforumet til Atheno. På møte orienterte styreleiarane i Samarbeidsrådet og Atheno om selskapa sine strategiar. Vidare vart det drøfte korleis ein skal samhandla betre mot felles mål.

AU og leiar og styreleiar i Atheno jobbar vidare med strategi/aktuelle prosjekt før neste fellesmøte. Dato for neste møte kjem ein tilbake til.